



SEKRETARIATET FOR  
KONTROLLUTVAL I  
NORD-GUDBRANDSDAL

## MØTEPROTOKOLL – STYRET

Møtedato:	Tid:	Møtested:
Mandag 28.8.23	Kl. 13.00-16.00	HUB Otta – Kaldbekkbotn

### Til stades på møtet:

Medlemmer: Magny Hilde (Lom), Jørund Båtstad (Sel), Odd Leif Angård (Dovre), Anders Norderhus (Lesja).  
Varamedlemmer: Torunn Elise Kveen (Vågå).  
Andre: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG.

### Saker som vart handsama:

13/23 Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap  
14/23 Budsjett-2024  
15/23 Prosess ROV-analyse  
16/23 Opplæring nye kontrollutval  
17/23 Protokoll og orienteringar  
Ope post

### Andre opplysningar:

Møteinncalling: 21. august 2023  
Møteleder: Magny Hilde  
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

### Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 13-17/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

*Odd Leif Angård*  
*Jørund Båtstad*  
*Torunn Elise Kveen*  
*Magny Hilde*  
*Anders Norderhus*

### Utskrift av protokoll til:

Medlemmer og varamedlemmer i styret SKNG.  
Ordfører, kommunedirektør/rådmann og kontrollutval i Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.  
Innlandet Revisjon IKS

<b>Møtedato:</b>	<b>Journalnr.:</b>	<b>Saksnr.:</b>	<b>Saksbehandler:</b>
28.8.2023	129/2023	13-17/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

**Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Innkalling: Godkjent.

Sakliste: Godkjent.

**SAK 13/23 OMDANNING AV SKNG TIL KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP**

**Saksopplysninger:**

Vedtak i styremøte 5. juni 2023, sak 11/23:

1. Styret tilrår deltakarkommunene å omdanne Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova kapittel 19 og at SKNG ikkje skal være eige rettssubjekt.
2. Styret godkjenner det framlagte forslaget til samarbeidsavtale.
3. Styret sender saksutgreiing og forslag til samarbeidsavtale til kommunestyret i dei seks deltakarkommunane med fylgjande innstilling:
  - Som fylgje av ny kommunelov blir Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) omdanna frå § 27-samarbeid etter tidligare kommunelov til kommunalt oppgåvefelleskap (KO) etter ny kommunelov § 19.
  - Samarbeidsavtale for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal kommunalt oppgåvefelleskap (SKNG) er vedteke slik den føreligg og erstattar noværande vedtekter for SKNG.
  - Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.

Saka er handsama i alle kommunestyrer i juni-månad  
Styret si innstilling er vedtatt i Lesja, Dovre, Sel og Vågå.

Lom og Skjåk har gjort fylgjande vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til omdanninga av SKNG og vedtek styret sitt forslag til ny samarbeidsavtale. Samarbeidsavtalen vert gjort gjeldande frå når den er signert.

Arbeid som står att før omdanninga er fullført:

- Det er avtalt at ordførarane signerer samarbeidsavtale i samband med møte i regionrådet 25. august.
- Avtale blir deretter sendt for registrering i Brønnøysundregisteret.
- Inngå tenesteytingsavtale med Sel kommune:  
"Representantskapet inngår tenesteytingsavtale med Sel kommune om ansvar og oppgåver knytta til arbeidsgjevarhøvet, rekneskap, IKT og kontorhald, inkl. økonomiske kompensasjon for dette."

### **Forslag til vedtak:**

Styret ber sekretariatet lage utkast til tenesteytingsavtale med Sel kommune i samsvar med vedtatt samarbeidsavtale og at denne blir lagt fram for representantskapet etter omdanninga.

### **Handsaming:**

Sekretariatet må fylgje opp signaturrett/fullmakt i Brønnøysund.

Einstemig vedtak.

### **Vedtak:**

Styret ber sekretariatet lage utkast til tenesteytingsavtale med Sel kommune i samsvar med vedtatt samarbeidsavtale og at denne blir lagt fram for representantskapet etter omdanninga.

## **SAK 14/23 BUDSJETT-2024**

### **Saksopplysningar:**

#### **Vedlegg:**

- Forslag til Budsjett-2024

Som det kjem fram i forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal kontrollutvalet i den enkelte kommune utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette budsjettet blir delt inn i 3 hovedpunkter:

1. Revisjon
2. Sekretariat for kontrollutvalet
3. Kontrollutvalets arbeid (møter, opplæring osv)

Budsjett for SKNG er såleis eit viktig grunnlag for kontrollutvalet sitt budsjettforslag.

Som fylgje av omdanning av SKNG er det ny samarbeidsavtale som gjeld for neste valperiode, og denne er lagt til grunn i budsjettforslaget.

#### **Ny samarbeidsavtale - § 7 Økonomi**

1. SKNG sine driftskostnader blir fordelt med 1/6 på kvar deltakarkommune
2. Årsbudsjett og økonomiplan skal oversendast deltarkommunane innan 1.10 og innarbeidast i kommunane sine budsjett for kontrollarbeid.
3. Sel kommune fakturerer driftsutgifter kvart halvår pr. 1.3 og 1.9 med avrekning når rekneskapen er avslutta innan 5.2.
4. Årsrekneskapen er eindel av Sel kommune sin rekneskap og blir revidert saman med denne.

5. Godtgjering til medlemmer av representantskapet blir utbetalt av Sel kommune og følger denne sine møtesatser.
6. Sekretariatsleiar attesterer for sekretariatet sine utgifter, inkl. godtgjersle til representantskapet. Utgifter som vedkjem sekretariatsleiar blir tilvist av den/dei som representantskapet fastset.
7. Samarbeidet kan ikkje ta opp lån eller stille garanti for samarbeidet eller for andre.

Budsjett-2023 og rekneskap-2022 er lagt til grunn for budsjettforslaget for 2024. Rekneskapsrapporten for 2022 har 763.000 kr som ramme, medan vedteke budsjett for 2023 har ei brutto utgiftsramme på kr 829 800.

Etter ny samarbeidsavtale blir utgiftene delt likt på dei seks deltakarkommunene. For 2024 er det budsjettert med kr 160.800 pr. kommune.

Sjå for øvrig merknad/forklaringer i forslaget.

### **Forslag til vedtak:**

Styret for SKNG vedtek forslag til budsjett-2024 med ei bruttoramme på kr 979.800. Sekretariatet får fullmakt til å bruke budsjettet innanfor den ramma som er vedteke.

### **Handsaming:**

Einstemmig vedtak.

### **Vedtak:**

Styret for SKNG vedtek forslag til budsjett-2024 med ei bruttoramme på kr 979.800. Sekretariatet får fullmakt til å bruke budsjettet innanfor den ramma som er vedteke.

## **SAK 15/23 PROSESS ROV-ANALYSE**

### **Saksopplysningar:**

Saka handlar om *prosessen* for å utarbeide ROV-analyse (Risiko- og vesentlegvurdering) og etterkvart plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet skal i fylgje kommuneloven minst ein gong i valperioda, og innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroller. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-analyse) av kommunen sin verksemd, verksemda i kommunen sine selskaper og kommunen sin eigarskap.

Risiko er pr. definisjon sannsynlegheit for ein ikkje ynskjeleg hending og konsekvensen av den. Vesentlegvurdering er ingen objektiv storleik, men blir sett på ut frå ulike perspektiv, t.d. om avvik vil ha store negative konsekvensar for kommunen eller innbyggjarane. ROV-analyse skal gje svar på kva område det er størst risiko og kva område det er mest vesentleg å undersøkje.

Korkje kommunelova eller forskrift om kontrollutvalg og revisjon gje konkrete føringar på form og innhald i ROV-analysen, gjennomføring eller kven som kan utarbeide den. NKRF har laga ein veileder, med m.a. liste over aktuelle informasjonskjelder.

Arbeidet med ROV-analyse gje kontrollutvalet og andre god kjennskap om verksemda. Kontrollutvalet bør vere aktivt i prosessen, og spesielt i vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast.

Ein ROV-analyse kan være omfattande eller enkel. Nokre kontrollutvalet leiger revisjonen til å utarbeide den, andre stader gjer sekretariatet det. Det er også døme på kontrollutval som involverer breitt med ope møter. Som med alt anna, må prosessen vurderast opp mot formålet og ressursbruk.

Utarbeiding av ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ressurskrevjande prosessar, og bør derfor være for ein 4-årsperiode med moglegheit for revidering ved behov. Tema/område i planen bør være overordna, og at problemstillinger blir drøfta og konkretisert før utvalet tingar foranalyse. Ikkje minst fordi høve endrar seg og utvalet må også ta omsyn til tiltak og andre tilsyn som blir gjort. Det er formålstenleg at kommunestyret gje kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar når dei vedtek planen.

Etter kommuneloven § 25 skal kommunen ha internkontroll for å sikre at lover og forskrifter blir fulgt. Vidare at ved internkontroll skal kommunedirektøren m.a. "avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik". Kommunens internkontroll vil være ei vesentleg informasjonskjelde for å lage eit bilete på risiko i kommunen og ikkje minst kva kommunen gjer for å redusere risiko.

### **Forslag til vedtak:**

Styret godkjenner sekretariatets skisse "Prosess for å utarbeide ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 6K".

### **Handsaming:**

Einstemmig vedtak.

### **Vedtak:**

Styret godkjenner sekretariatets skisse "Prosess for å utarbeide ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i 6K".

## **SAK 16/23 OPPLÆRING NYE KONTROLLUTVAL**

### **Saksopplysningar:**

11. september er det kommuneval og i løpet av oktober er nye kontrollutval valgd.

Kontrollutvalsboka frå Kommunal- og distriksdepartementet meiner at det vil være ein føremon at alle medlemmar og varamedlemmer i kontrollutvalet får delta på folkevalgtopplæringa som kommunene gjennomfører etter kommunevalet. Dei blir da kjent med m.a. styringssystem i kommunen, budsjettarbeid og sentrale regler og føresegner.

I fylgje møtekalender for kommunestyret i 6K-kommunene, ser det ut som det er planlagt folkevalgtopplæring over 2 dagar i november.

Det er ikkje fastsett krav til kva kompetanse eller erfaring kontrollutvalsmedlemmer skal ha. Behovet for opplæring er individuelt, men det bør takast høgde for at SKNG planlegg og gjennomfører 1-2 kursdagar.

Innlandet Revisjon har sagt at dei vil delta på opplæringsdag for utvalsmedlemmer. Vidare vil revisjonen og sekretariatet det fyrste året i valperioda ha eit opplæringsperspektiv med seg i førebuing og framlegging av saker for kontrollutvalet.

#### **Aktuelle tema:**

- Kommunal verksemd
- Rekneskap og revisjon
- Offentleglov og forvaltningslov
- Internkontroll
- Kommunestyret og kontrollutvalets sitt kontrollansvar
- Kontrollutvalets rolle
- Kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen
  - o Samspel
  - o Mynde og oppgåve
- Arbeid i kontrollutvalet
- ROV-analyse, plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
  - o Forvaltningsrevisjon
  - o Eigarskapskontroll
  - o Rekneskapsrevisjon og kontroll med økonomiforvaltning
- Statleg tilsyn
- Oppfølging og evaluering

### **Forslag til vedtak:**

1. Sekretariatet tek kontakt med kommunene med forslag om at kontrollutvalsmedlemmer blir invitert til kommunen sin folkevalgtopplæring.
2. SKNG gjennomfører 1-2 kursdagar for medlemmar og varamedlemmer av kontrollutvala. Antall dagar avheng av resultatet av punkt 1.

### **Handsaming:**

Einstemmig vedtak-

### **Vedtak:**

1. Sekretariatet tek kontakt med kommunene med forslag om at kontrollutvalsmedlemmer blir invitert til kommunen sin folkevalgtopplæring.
2. SKNG gjennomfører 1-2 kursdagar for medlemmar og varamedlemmer av kontrollutvala. Antall dagar avheng av resultatet av punkt 1.

## **SAK 17/23 PROTOKOLL OG ORIENTERINGAR**

### **Saksopplysningar:**

#### **Møteprotokoll 5. juni 2023**

#### **Orienteringar**

- Status prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Mottatt.
- Ny eigar av HUB Otta og ny husleigeavtale

### **Forslag til vedtak:**

Møteprotokoll frå styremøtet 5. juni 2023 er godkjent.  
Øvrige orienteringar er teke til etterretning.

### **Handsaming:**

Styreleiar orienterte om personalsituasjon.

### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå styremøtet 5. juni 2023 er godkjent.  
Øvrige orienteringar er teke til etterretning.

## BUDSJETT-2024 FOR SKNG

Kontotekst	Regnskap-2022	Budsjett-2023	Budsjett-2024
Lønn i faste stillinger (inkl. feriepenger)	510 230	520 000	562 300
Andre trekkpliktige godtgjørelser	4 431	5 000	5 000
Godtgjøring folkevalgte	0	3 500	12 000
Tapt arbeidsfortjeneste	1 245	2 000	10 000
Pensjon KLP	111 635	120 000	130 000
Gruppeliv/ulykkesforsikr.	1 178	1 200	1 500
Arbeidsgiveravgift	30 136	42 000	46 000
Forbruksmateriell og kontorrekv.	165	500	2 000
Abonnenter og faglitteratur	7 280	4 000	8 000
Beverting/møteservering	9 795	1 300	3 000
Annet forbruksmatr.	92		4 000
Kursutgifter (inkl. opphold)	22 980	7 000	25 000
Kjøregodtgjørelse	6 509	10 000	10 000
Andre reiseutgifter	607		3 000
Husleie	50 064	45 000	52 000
Lys, varme og renhold	3 983	800	4 000
Lisenser, dataprogram	2 523	2 500	3 000
Kontingenter, avgifter/gebyrer	24 164	26 000	26 000
Inventar og utstyr	0	0	
Leie/leasing kontormaskiner	9 605	0	10 000
Ikt-utgifter, fordelt	16 913	13 000	28 000
Moms	14 916	0	15 000
Interne adm. kostnader		26 000	20 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>828 452</b>	<b>829 800</b>	<b>979 800</b>
Sykelønnsrefusjon	-228 031	0	0
Refusjon moms	-14 916	0	-15 000
Refusjon fra kommunene	-585 505	-829 800	-964 800
<b>Sum inntekter</b>	<b>-828 452</b>	<b>-829 800</b>	<b>-979 800</b>
<b>"Resultat"</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## PROSESS FOR Å UTARBEIDE ROV-ANALYSE OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL I SKNG-OMRÅDET

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet skal i fylgje kommuneloven minst ein gong i valperioda, og innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroller. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-analyse) av kommunen sin verksemd, verksemda i kommunen sine selskaper og kommunen sin eigarskap.

### **Definisjonar:**

Risiko er sannsynlegheit for ein ikkje-ynskjeleg hending og konsekvensen av den. Vesentlegvurdering er ingen objektiv storleik, men blir sett på ut frå ulike perspektiv (t.d. økonomisk, politisk, brukar, tilsette, samfunn- og miljø).

### **Prinsipper:**

ROV-analyse blir ferdig handsama 1. halvåret i valperioda.

ROV-analyse tek utgangspunkt i to viktige dokumenter:

- \* Kommunens internkontroll, særskilt risikovurderinga
- \* Kommunens eigarskapsmelding

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er for ei 4 års-periode.

### **Prosess:**

#### **1. Dokumentinnhenting**

Sekretariatet innhenter relevante dokumenter:

- Kommunens internkontroll: Mål, organisasjon, risikovurdering og tiltak
- Årsmelding og årsrekneskap: Økonomiske måltall, trender
- Oversikt over gjennomførte tilsyn og revisjonar dei siste 4 åra
- Kommunebarometeret (oversiktar)
- Statsforvalterens kommunebilde (trafikklyos-bilete)
- Kommunens eigarskapsmelding

#### **2. Innspel om risikovurdering (ved bruk av risiko-diagram)**

- Kontrollutval 2019-23
- Kommunedirektør, ordførar og hovudtillitsvalgt/hovedverneombud
- Revisjonen



#### **3. Utkast ROV-analyse**

Sekretariatet utarbeider forslag til ROV-analyse.



#### **4. Handsaming av ROV-analysen**

Kontrollutvalet drøftar forslaget, gjer vurderingar og prioriterar.



#### **5. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Sekretariatet utarbeider forslag til plan ut frå kontrollutvalets prioriteringar. Kontrollutvalet handsamar forslaget og vedtek innstilling til kommunestyret.